

Ard
arealplan

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen

Side | 1

FORSLAGSTILLER SI
PLANSKILDING

Tyssevikvegen

GNR 53/BNR 184 M.FL.

ULVIK HERAD

Plannr.:

Saksnr.:

Sist oppdatert: 19.01.2015

INNHALD

1	Samandrag.....	4
2	Nøkkelopplysningar.....	4
3	Bakgrunn for planarbeidet	4
3.1	Bakgrunn.....	4
3.2	Intensjonen med planforslaget	4
4	Planprosessen	5
4.1	Varsling	5
4.2	Merknader i samband med varsling	5
5	Gjeldande planstatus	6
5.1	Fylkes(del)plan	6
5.2	Kommuneplan/kommunedelplan	6
5.3	Reguleringsplanar	7
5.4	Eventuelle temaplanar	7
5.5	Rikspolitiske retningslinjer.....	7
6	Skildring av planområdet	8
6.1	Lokalisering	8
6.2	Avgrensing	9
6.3	Tilstøytande areal sitt bruk/status	9
6.4	Eksisterende busetnad.....	10
6.5	Topografi/landskapstrekk	10
6.6	Soltilhøve	10
6.7	Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve.....	11
6.8	Grøne interesser	11
6.9	Kulturminne	11
6.10	Veg og trafikktilhøve	12
6.11	Støy	12
6.12	Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning.....	12
6.13	Vatn og avlaup.....	12
6.14	Energi.....	13
6.15	Privat og offentlig servicetilbod.....	13
6.16	Risiko	13
6.17	Privatrettslege bindingar	13
7	Utgreiing i hht. føreskrift om konsekvensutgreiingar.....	13
8	Skildring av planforslaget.....	14
8.1	Innleiing	14
8.2	Reguleringsføremål	15
8.3	Busetnad og anlegg	15
8.4	universell utforming	15
8.5	Leik/uteopphaldsareal.....	15
8.6	Parkering/garasje(r)	15
8.7	Trafikkareal	16
8.8	Støytiltak	16
8.9	Avfallshandtering/miljøstasjon.....	16
8.10	Risiko	16

8.11	Anna	17
9	Konsekvensar av planforslaget.....	17
9.1	Overordna planar og vedtak	17
9.2	Eksisterande reguleringsplanar	17
9.3	Estetikk	17
9.4	universell utforming	17
9.5	Konsekvensar for naboer	17
9.6	Trafikk- og parkeringstilhøve	17
9.7	Kulturminne	17
9.8	Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesser i nærmiljøet	17
9.9	Vurdering av tiltak i høve til naturmangfaldslova	17
9.10	Privat og offentleg servicetilbod.....	18
9.11	Konsekvensar for næringsinteresser.....	18
9.12	Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen	18
9.13	Infrastruktur	18
9.14	Ros-analyse	18
10	Merknadar	23
10.1	Merknadar.....	23
11	Forslagsstillar sin avsluttande kommentar	26

FIGURLISTE:

Figur 1:	Varslingsannonse.	5
Figur 2:	Utsnitt av kommunedelplan for Ulvik herad.....	6
Figur 3:	Reguleringsplanar for området	7
Figur 4:	Kart som viser lokalisering av planområdet	8
Figur 5:	Avgrensning av planområdet.	9
Figur 6:	Tilgrensande planar til området.	9
Figur 7:	Oversiktsfoto som viser landskapet rundt planområdet	10
Figur 8:	Bilete som visar korleis Tyssevikvegen snor seg langs fjorden i skrånande terreng.....	10
Figur 9:	Kart som visar arealfordelinga i området.	11
Figur 10:	Kart over registreringar av SEFRAK- og freda bygningar.	11
Figur 11:	Bilete av vegstandarden på Tyssevikvegen/FV300.	12
Figur 12:	Kart over støy i planområdet.....	12
Figur 13:	Reguleringsplan for området.....	14
Figur 14:	Skjematisk framstilling av metode	18

1 SAMANDRAG

Tyssevikvegen/ Fv 300 strekk seg austover langs sjøen frå Ulvik sentrum. Vegen er i dag smal og manglar fortau. På bakgrunn av dette ynskjer ein no å betre tryggleiken for gåande og syklande ved å opparbeide fortau langs vegen. Det ligg ein del bustader langs vegen. Mange av dei har i dag ein dårleg og lite trafikksikker tilkomst. Det vil difor også bli gjort tiltak for å betre tilkomsten til nokre av bustadene. Dette vil hovudsakleg skje ved sansering av avkøyrslar.

Side | 4

2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Stad	Ulvik
Gardsnamn (adresse i sentrum)	Tyssevikvegen
Gardsnr./bruksnr.	Gnr. 53 Bnr. 184
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Området er regulert i Planid: 1975001 Prestagarden og Planid: 1998001 Brakanes
Forslagstillar	Ulvik kommune
Grunneigar (sentrale)	Offentleg veg
Plankonsulent	Ard Arealplan as
Ny plans hovudføre mål	Fortau
Planområdets størrelse i daa	22,5 daa
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	Tilkomst/avkøyrslar til bustader
Førelegg det varsel om motsegn (j/n)	n
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	n
Kunngjering oppstart, dato	08.08.2013
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	

3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 BAKGRUNN

Tyssevikvegen er smal og manglar fortau. Det er mange gåande som beveger seg langs denne vegen og ein har sett at det er naudsynt å anleggje fortau her slik at ein ivaretek tryggleiken for dei gåande.

3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for fortau langs Tyssevikvegen for å sikre tryggleiken for mjuke trafikantar.


4 PLANPROSESSEN

4.1 VARSLING

Oppstart av reguleringsplanarbeid blei varsla i avisa Hordaland den 8.august 2013. Grunneigarar, naboar og aktuelle private og offentlege instansar blei varsla i brev av 1.august 2013.

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 varslast oppstart av detaljregulering for Tyssevikvegen, gnr. 53, bnr. 184 m. fl., Ulvik herad.



Ulvik herad er tiltakshavar.

Ard arealplan as er konsulent for reguleringsplanarbeidet.


Planområdet ligg langs Tyssevikvegen frå Ulvik kyrkje i vest til avkjøring til Prestabrekka i nordaust. I nord og sør omfattar planavgrensinga eigedommar på begge sider av vegen. Planarbeidet vil føre til endringar i gjeldande reguleringsplanar i området.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for gang og sykkelveg langs Tyssevikvegen.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særlege behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til: Ard arealplan as, Domkirkegaten 3, 5017 Bergen.
E-post: post@ardarealplan.no

Frist for merknader er sett til **23. september 2013**.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte Ard arealplan as. Tlf 55 31 95 00.



Figur 1: Varslingsannonse.

4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING

I samband med varslinga kom det til saman inn 11 merknadar, 5 frå offentlege instansar og 6 frå private. Merknadane er oppsummert og kommentert under punkt 10.

5 GJELDANDE PLANSTATUS


5.1 FYLKES(DEL)PLAN

- Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020
- Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012
- Fylkesdelplan Deltaking for alle - universell utforming 2006 - 2009
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel
- Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010
- Regional transportplan 2013-2024

Side | 6

5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNDEDELPLAN


I kommuneplanen er planområdet hovudsakleg avsett til vegareal men omfattar også bustadområde, næringsverksemd, friområde, offentlege bygningar, hamn og småbåthamn.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplan for Ulvik herad. Planområdet er markert med svart stipla linje.

5.3 REGULERINGSPANAR

Gjeldane reguleringsplan for området er:
Planid: 1975001 Prestagarden
Planid: 1998001 Brakanes



Figur 3: Reguleringsplanar for området. Planområdet er markert med svart stipla line.

5.4 EVENTUELLE TEMAPLANAR

- Energi og miljøplan Ulvik herad 2009-2013
- Heradsplan for Ulvik 1999-2009
- Kommunedelplan - Vatn, avløp og miljø 2008-2015
- Kommunedelplan - Trafikksikringsplan 2003-2012
- Stadanalyse Ulvik sentrum
- Kartlegging av radon i Ulvik kommune
- Viltet i Ulvik

5.5 RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER


Dei rikspolitiske retningslinene skal gje eit grunnlag for avveging av omsyn ved utarbeiding av plan. Aktuelle rikspolitiske retningslinjer som planen forhold seg til er:

- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal og transportplanlegging

6 SKILDING AV PLANOMRÅDET

6.1 LOKALISERING


Planområdet ligg i Ulvik, ca. 40 km søraust for Voss. Området omfattar i hovudsak Tyssevikvegen, samt litt av tilgrensande areal rundt.



Figur 4: Kart som viser lokalisering av planområdet (kart.finn.no).

6.2 AVGRENSING


Planområdet strekk seg frå Ulvik Kyrkje i sør til Prestabrekka i nord. Området grensar på nordsida til bustader, sjukeheim og næring. På sørsida grensar området til bustader, naturområde, hotell og sjø.



Figur 5: Avgrensning av planområdet.

6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS

Den dominerande bruken på tilstøytane områder er bustadar, med innslag av noko næring.



Figur 6: Tilgrensande planar til området. Svart linje visar planområdet.

6.4 EKSISTERANDE BUSETNAD

Planområdet består i hovudsak av vegareal. Når det gjeld eksisterande busetnad innanfor planområdet er dette einebustader, samt noko næring i form av butikkar og to hotell.

6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK



Side | 10

Figur 7: Oversiktsfoto som viser landskapet rundt planområdet (kart.finn.no). Raud sirkel markerar kvar biletet under er teke, figur 8.

Planområdet/Tyssevikvegen snor seg langs fjorden og følgjer forma på landskapet. Grunna dette, samt at dimensjoneringa på vegen ikkje er så stor, vert ikkje vegen særskild framtrødane men skli inn i landskapet. Det at vegen har skrånande terreng på begge sider er også utslagsgjevande for dette.




Figur 8: Bilete som visar korleis Tyssevikvegen snor seg langs fjorden i skrånande terreng. Utsikt mot nordaust i planområdet (maps.google.no).

6.6 SOLTILHØVE

Planområdet har gode soltilhøve.

6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURTILHØVE

Vegetasjonen langs planområdet består i hovudsak av private hagar, samt nokre offentlege grøntareal ned mot fjorden. Det er ikkje registrert truga artar eller andre viktige naturverdiar i området.




Figur 9: Kart som visar arealfordelinga i området (miljostatus.no).

6.8 GRØNE INTERESSER

Det er berre på dei delane av planområdet som omfattar private hagar og offentlege grøntområde ned mot sjø som kan vere aktuelle som leikeområde for barn og unge. Sidan resterande del av planområdet består av Tyssevikvegen er ikkje dette aktuelt som leikeområde.

6.9 KULTURMINNE

Det er i og rundt planområdet registrert ein del SEFRAK bygningar, samt at Ulvik kyrkje like sør for planområdet er freda. Innanfor planområdet ligg det to bygg som er meldepliktig ved riving/ombygging.



Figur 10: Kart over registreringar av SEFRAK- og freda bygningar.

6.10 VEG OG TRAFIKKTIHØVE

Tyssevikvegen/FV300 som går midt gjennom planområdet er smal. Den har ein ÅDT på 1000 og ein fartsgrense på 50 km/t. Vegen manglar i dag fortau.



Figur 11: Bilete av vegstandarden på Tyssevikvegen/FV300 (maps.google.no).

6.11 STØY

Planområdet ligg i gul støysone.



Figur 12: Kart over støy i planområdet (vegvesen.no).

6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Planområdet har kollektivdekning med fleire busstopp langs vegen.

6.13 VATN OG AVLAUP

Ikkje aktuelt.

6.14 ENERGI

Ikkje aktuelt.

6.15 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Sør i planområdet ligg blant anna matbutikk, kafé og Ulvik hotell, medan ein i den nordre delen finn Strand fjorhotell.

6.16 RISIKO

Ingen kjente.

6.17 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjente.

7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVEN舜UTGREIINGAR

Reguleringsplanar med vesentlege verknadar for miljø og samfunn omfattas av føreskrifta om konsekvensutgreiing.

Reguleringsendringa er av så lite omfang at det ikkje vil gje vesentleg konsekvens for miljø og samfunn, jf. forskrift om konsekvensutgreiing, og krev såleis ikkje konsekvensutgreiing.

8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Føremål	Totalt areal
Busetnad og anlegg	
Bustader - frittliggjande - småhus	2,888 daa
Bustader - blokker	0,160 daa
Forretningar	0,290 daa
Tenesteyting	0,780 daa
Hotell	2,012 daa
Energianlegg	0,239 daa
Uthus/naust/badehus	0,138 daa
Bustader/forretning	0,771 daa
Totalt	7,278 daa
Samferdsel og teknisk infrastruktur	
Køyreveg	5,317 daa
Fortau	2,628 daa
Gatetun	0,713 daa
Gangveg/gangareal	0,277 daa
Anna veggrunn - grøntareal	1,501 daa
Kai	0,457 daa
Haldeplass	0,259 daa
Parkeringsplassar	1,376 daa
Totalt	12,527 daa
Grønstruktur	
Grønstruktur	0,472 daa
Park	1,652 daa
Totalt	2,123 daa
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	
Småbåthamn	0,566 daa
Omsynssoner	
Frisikt	
Bevaring kulturmiljø	
Totalt	22,494 ≈daa

Side | 15

8.3 BUSETNAD OG ANLEGG

Det ein finn av bustader og anlegg innanfor planen er eksisterande bygg og det vil ikkje bli gjort endringar på desse.

8.4 UNIVERSELL UTFORMING

Fortau innanfor planområdet skal vere utforma etter prinsipp om universell utforming, jf. § 1.5.1 i planføresegnene.

8.5 LEIK/UTEOPPHALDSAREAL

Ikkje aktuelt.

8.6 PARKERING

Parkering langs vegstrekket går føre seg på kvar einskild tomt, samt at det er felles offentleg parkeringsplass nord i planområdet på o_PP02 og o_PP3. I tilknytning til o_PP03 ligg gatetun o_GT. Gatetunet er tenkt som eit fleirbruksområdet, blant anna som snuplass for buss eller som parkering ved behov.



Figur 14: Utsnitt frå reguleringsplanen som syner offentlege parkeringsplassar.

o_PP2 er hovudsakeleg tenkt som korttidsparking/av- og påstiging for gjester på hotellet som ligg innanfor HO03. o_PP2 vil også kunne nyttast som stopplass for bussar som skal avlevere eller hente gjestar til hotellet. Innanfor HO03 er det mogleg med 9 parkeringsplassar, medan det innanfor o_PP02 er mogleg med 10 parkeringsplassar.

o_PP03 er tenkt som parking for ulike formål, t.d. for hotellgjester, brukarar av småbåthamna osv. Her er det plass til ca. 30 parkeringsplassar.

8.7 TRAFIKKAREAL

Tyssevikvegen er regulert med 5,5m breidde i same trasé som han går i dag. Det er regulert fortau langs heile vegen med breidde på 3m. Denne breidda gjev god plass til både syklende og gåande mjuke trafikkantar. Fortauet ligg på venstre side frå sentrum og fram til Tyssevikvegen 54, og skiftar til høgre side vidare. Etter krav frå Statens vegvesen, er nokre av eksisterande avkøyrslar slått saman. f_KV05 og f_KV06 er ny tilkomstveg for bustadene innanfor BF02-BF04. f_KV04 er ny avkøyrslar for 53/196, samt austlege del av 53/195. Terrenget langs Tyssevikvegen er delvis bratt og tverrsnitta smale. Løysingane er tilpassa terrenget og tverrsnitt, og dette er gjort greie for i illustrasjonar vedlagt planen.

8.8 STØYTILTAK

Det er ikkje naudsynt med støytiltak innanfor planområdet.

8.9 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON

Ikkje aktuelt.

8.10 RISIKO

Trafikktryggleik er eit risikomoment innanfor planområdet. Det vil derfor bli lagt til rette for opparbeiding av fortau langs vegen. Nokre av bustadene langs vegen har innkøyrslar som ikkje er heilt optimale/trafikk sikre.

Mellom anna f_KV05 og f_KV06 har difor blitt anlagt for å gjere innkøyrslene til bustadene innanfor BF02-BF04 betre.

8.11 ANNA

Ikkje aktuelt.

9 KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

Planforslaget er i tråd med overordna planar.

9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Eksisterande reguleringsplanar for området er:

PlanID: 1975001 Prestagarden

PlanID: 1998001 Brakanes

Planforslaget forhold seg stort sett til desse planane, men det er gjort nokre endringar i forhold til opparbeiding av fortau, samt opparbeiding av ny tilkomstveg for nokre av bustadene langs vegen som ikkje er med i dei eksisterande planane.

9.3 ESTETIKK

Vegen i planområdet ligg i dag godt tilpassa terrenget og landskapet. Det planlagde fortauet skal også plasserast så skånsamt i landskapet som mogleg for å unngå for store terrenginngrep. Nye avkøyrslar vil gje nye terrenginngrep i landskapet.

9.4 UNIVERSELL UTFORMING

Fortau i planområdet skal utformast etter prinsipp om universell utforming.

9.5 KONSEKVEN SAR FOR NABOER

Ved opparbeiding av fortau og ny tilkomstveg vil ein verte nøydd å ta litt areal frå dei tilgrensande bustadene/tomtene langs vegen.

9.6 TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Planforslaget vil forbetre tilhøva for mjuke trafikantar ved at det vert opparbeida fortau langs vegen. Tilkomsten til nokre av bustadene langs vegen vil også bli forbetra og meir trafikksikker i form av nye felles tilkomstvegar.

9.7 KULTURMINNE

Det er ingen registrerte kulturminner innanfor området, men det ligg to bygg innanfor planområdet som er meldepliktig ved riving/ombygging.

9.8 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Planforslaget vil gjere tilkomsten til sjøen betre og meir trafikksikker.

9.9 VURDERING AV TILTAK I HØVE TIL NATURMANGFALDSLOVA

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 - 2007)). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar:

§ 8 : Kunnskapsgrunnlaget.

- § 9 : Føre-var-prinsippet.
- § 10: Økosystemtilnærming og samla belasting.
- § 11: Tiltakshavar betaler.
- § 12: Miljøforsvarlege teknikkar.

I planarbeidet har ein nytta viktige informasjonskjelder som naturbase, artskarta til artsdatabanken.no, nasjonal raudliste og lokale observasjonar av naturmangfald. Det er ikkje avdekka konflikhtar mellom arealbruksendringane og utvalde naturtypar og prioriterte artar i forslag til forskrift. Endringane er òg vurdert i forhold til naturmangfaldet generelt og registrert kjent lokal kunnskap. Side | 18

9.10 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Ingen konsekvensar.

9.11 KONSEKVENSA FOR NÆRINGSINTERESSER

Deler av areal for næringsdrivande vil i planen verte regulert til offentleg fortau. Det er forsøkt så langt det let seg gjere å ivareta interessa til næringsdrivande i planforslaget.

9.12 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN

Delar at areala regulert til offentlege vegformål er innanfor private eigedomar langs Tyssevikvegen. Erverv av desse areala medfører juridiske og/eller økonomiske konsekvensar for kommunen.

9.13 INFRASTRUKTUR

Ingen konsekvensar.

9.14 ROS-ANALYSE

Bakgrunn

I tilknytning til reguleringsplanarbeidet er det utført ein analyse av risiko og sårbarheitsforhold. ROS-analysen bygger på føreliggande kunnskap om planområdet og arealbruken der.

Akseptkriterier og metode

Akseptkriteria definerer kva risiko ein er villig til å akseptere, ofte knytt opp mot tap innan følgjande tema; liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar. Rettleier frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), Krav til risikovurdering (NS 5814:2008) og rapporten GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging Vestlands-prosjektet (SiGVe-rapporten) dannar grunnlaget for metoden og akseptkriteria.

For å systematisere arbeidet med ROS- analysen blir det brukt skjema og matriser. Metoden for ein ROS-analyse kan framstillast forenkla i følgjane 6 punkt:



Figur 15: Skjematisk framstilling av metode

Eit risiko- og sårbarheitsbilete er definert som summen av sannsyn - kor ofte uønskt hending forventas å inntreffe, og konsekvensen - kor alvorlege konsekvensar hendinga kan medføre.

$$\text{Risiko} = \text{sannsyn} \times \text{konsekvens.}$$

Det er vanskeleg å fastslå ein frekvens og konsekvens av ein hending. Ved å anslå sannsyn og konsekvens vil ein snakke om gjennomsnittstall på hending over tid. Det kan på den måten inntreffe fleire eller færre hendingar i eit gitt tidsperspektiv enn anslått i ROS- analysen. Intensjonen med ROS- analysen er at funn skal følgjast opp med risikoreduserande eller skadeavgrensande tiltak og legge føringar for vidare planlegging av arealbruk.

Klassifisering av sannsyn og konsekvens

Graderinga er delt i 6 ulike nivå, frå særst sannsynleg til usannsynleg, og frå katastrofalt til ufarleg, sjå figur under.

Klassifisering av sannsyn

SANNSYNLEG	VEKT	DEFINISJON	TRYGGHETSKLASSE TEK 10: SKRED OG FLOM
Særst sannsynleg	6	Ein hending skjer oftare enn kvart 20. år	
Mykje sannsynleg	5	Ein hending skjer sjeldnare enn kvart 20.år, men oftare enn kvart 100.år	F1
Sannsynleg	4	Ein hending skjer sjeldnare enn kvart 100.år, men oftare enn kvart 200.år	S1
Noko sannsynleg	3	Ein hending skjer sjeldnare enn kvart 200.år, men oftare enn kvart 1000.år	F2
Lite sannsynleg	2	Ein hending skjer sjeldnare enn kvart 1000.år, men oftare enn kvart 5000. år	F3, S2
Usannsynleg	1	Ein hending skjer sjeldnare enn kvart 5000.år	S3

Klassifisering av konsekvens

KONSEKVENNS	VEKT	LIV OG HELSE	YTRE MILJØ	MATERIELLE VERDIAR	TRYGGHETSKLASSE TEK 10: SKRED OG FLOM
Katastrofalt	6	Meir enn 10 daude, eller 20 alvorleg skadde/sjuka	Varige og alvorlege miljøskader av større omfang	Fullstendig øydelegging av materiell og utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader for meir enn kr 250.000.000 Varig produksjonsstans	F3, S3
Kritisk	5	Inntil 10 daude, eller fare for inntil 20 alvorleg skadde personer.	Langvarig, og i verste fall varig alvorleg skade på miljøet	Fullstendig øydelegging av materiell og utstyr og andre økonomiske verdiar Skader inntil kr 250.000.000 Produksjonsstans > 1år	F3, S3, S3
Alvorleg	4	Inntil 3 daude. Eller inntil 15 alvorlege (varige) personskader.	Store og alvorlege miljøskader som det vil ta tid å utbetre (dvs. fleire tiår)	Tap av, og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader avgrensa opp til kr 50.000.000 - Produksjonsstans > 3 mnd.	F2, S2 (3 personer er gjennomsnitt i ein bustad)
Ein viss fare	3	Inntil 5 alvorlege personskader, som fører med seg sjuka fråvær og lengre fråvær. Vesentlege helseplager og ubehag.	Miljøskader av stort omfang og middels alvorleg, eller: skader av lite omfang, men høgt alvor.	Alvorleg skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader avgrensa opp til kr 5.000.000 Produksjonsstans > 1 mnd.	F1, S1
Liten	2	Mindre skader som treng medisinsk behandling kan førekomme, fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding.	Små skader på miljøet, men som naturen sjølv utbetrar på relativt kort tid. Miljøskader av stort omfang og middels alvorleg, eller: skader av lite omfang, men høgst alvorleg.	Mindre lokal skade på materiell, utstyr og økonomiske verdiar: Skader avgrensa opp til kr 500.000. Produksjonsstans < 1 mnd.	F1, S1
Ufarleg	1	Ingen eller små personskader.	Ingen, eller få og ubetydelege miljøskader og/eller forureining på ytre miljø.	Små eller ingen skader på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader for inntil kr 50.000 Produksjonsstans < en uke.	F1, S1

Akseptkriterier

Hendingar i røde felt	Medfører uakseptable risiko. Her skal risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
Hendingar i gule felt	ALARP - sone, dvs. tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen (ALARP = As Low As Reasonable Practicable). Det vil vere naturleg å legge ein kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterlegare risikoreduserande tiltak.
Hendingar i grønne felt	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterlegare risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

SANNSYN	Særs sannsynleg	Sa6						
	Mykje sannsynleg	Sa5						
	Sannsynleg	Sa4						
	Noko sannsynleg	Sa3						
	Lite sannsynleg	Sa2						
	Usannsynleg	Sa1						
RISIKOMATRISE Liv og helse			K1	K2	K3	K4	K5	K6
			Ufarleg	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
KONSEKVENNS								

SANNSYN	Særs sannsynleg	Sa6						
	Mykje sannsynleg	Sa5						
	Sannsynleg	Sa4						
	Noko sannsynleg	Sa3						
	Lite sannsynleg	Sa2						
	Usannsynleg	Sa1						
RISIKOMATRISE Ytre miljø			K1	K2	K3	K4	K5	K6
			Ufarleg	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
KONSEKVENNS								

SANNSYN	Særs sannsynleg	Sa6						
	Mykje sannsynleg	Sa5						
	Sannsynleg	Sa4						
	Noko sannsynleg	Sa3						
	Lite sannsynleg	Sa2						
	Usannsynleg	Sa1						
RISIKOMATRISE Materielle verdiar			K1	K2	K3	K4	K5	K6
			Ufarleg	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
KONSEKVENNS								

VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT:

Naturbasert sårbarheit					
Nr	Ønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar	
Ekstremvær www.met.no					
1	Sterk vind				Sterk vind kan førekome, men ikkje meir enn det som er normalt.
2	Store nedbørmengder				Ikke aktuelt.
3	Store snømengder				Ikke aktuelt.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flom i elver / bekker				Ikke aktuelt.
6	Flom i vassdrag/ innsjøer				Ikke aktuelt.
7	Overvasshandtering				Overvasshandtering skal handterast lokalt ved hjelp av infiltrasjon og fordøyring.
8	Springflod / stormflod	Sa2xK2		Sa2xK2	Er moglegheit for at dette kan førekome, då planområdet ligg nær sjøen.
9	Historisk flomnivå				Ikke aktuelt.
10	Anna				
Skredfare www.skrednett.no					

11	Kvikkleireskred				Ikke aktuelt.
12	Lausmasseskred				Ikke aktuelt.
13	Is - og snøskred				Ikke aktuelt.
14	Steinras, steinsprang				Ikke aktuelt.
15	Historiske hendingar				Ikke aktuelt.
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no					
17	Setningar				Ikke aktuelt.
18	Utgildingar				Ikke aktuelt.
19	Radon				Ikke aktuelt.
20	Anna				
Plante og dyreliv www.dirnat.no					
21	Planter				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
23	Fugler				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
24	Anna				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
Verksemndsbasert sårbarheit					
Brann/eksplosjon					
25	Brannfare				Ingen kjent risiko.
26	Ekspløsjonsfare				Ingen kjent risiko.
27	Anna				
Energitransport					
28	Høgspenning				Ikke aktuelt.
29	Lågspenning				Ikke aktuelt.
30	Gass				Ikke aktuelt.
31	Anna				
Forureina vatn					
32	Drikkevasskjelde				Ikke aktuelt.
33	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.				Ikke aktuelt.
34	Nedbørsfelt				Ikke aktuelt.
35	Grunnvassnivå				Ikke aktuelt.
36	Anna				
Forureina - grunn http://www.sft.no					
37	Kjemikalieutslepp				Ingen kjent risiko.
38	Anna				
Forureina - luft					
39	Støv/partiklar/røyk	Sa4xK1			Støv frå vegen, Tyssevikvegen, gjennom området kan førekome.
40	Støy				Ingen kjent risiko.
41	Lukt				Ingen kjent risiko.
42	Anna				
Frluftsliv og tilgjengelegheit til sjø http://www.hordaland.no					
43	Fri ferdsel langs sjø				Ingen kjent risiko.
44	Frluftsliv				Ingen kjent risiko.
45	Anna				
Sårbarheit knytt til infrastruktur					
Trafikkfare http://www.vegvesen.no					
46	Trafikkulykker på veg	Sa5xK2		Sa5xK2	Det er registrert nokre hendingar med lettare skadde langs vegen. Det vil derfor verte opparbeidd fortau og gangveg/gangareal for å betre trafikktryggleiken.
47	Anna				
Forureining					
48	Støv/partiklar	Sa4xK1			Sjå punkt 39.
49	Støy				Ingen kjent risiko.
50	Lukt				Ingen kjent risiko.
51	Utslepp/kjemikalier				Ingen kjent risiko.
52	Anna				
Ulykker på nærliggande veger/transportåre http://www.vegvesen.no					
53	Veg	Sa5xK2		Sa5xK2	Sjå punkt 46.
54	Sjø				Ingen kjent risiko.
55	Luft				Ingen kjent risiko.
56	Anna				

Risikomatriser - oppsummering

SANNSYN	Særs sannsynleg	Sa6						
	Mykje sannsynleg	Sa5		46,53				
	Sannsynleg	Sa4	39,48					
	Noko sannsynleg	Sa3						
	Lite sannsynleg	Sa2		8				
	Usannsynleg	Sa1						
RISIKOMATRISE Liv og helse			K1	K2	K3	K4	K5	K6
			Ufarleg	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
			KONSEKVENNS					

SANNSYN	Særs sannsynleg	Sa6						
	Mykje sannsynleg	Sa5						
	Sannsynleg	Sa4						
	Noko sannsynleg	Sa3						
	Lite sannsynleg	Sa2						
	Usannsynleg	Sa1						
RISIKOMATRISE Ytre miljø			K1	K2	K3	K4	K5	K6
			Ufarleg	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
			KONSEKVENNS					

SANNSYN	Særs sannsynleg	Sa6						
	Mykje sannsynleg	Sa5		46,53				
	Sannsynleg	Sa4						
	Noko sannsynleg	Sa3						
	Lite sannsynleg	Sa2		8				
	Usannsynleg	Sa1						
RISIKOMATRISE Materielle verdiar			K1	K2	K3	K4	K5	K6
			Ufarleg	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
			KONSEKVENNS					

Oppsummert med tekst:

Ut i frå ROS-analysen kan ein sjå at det er noko risiko knytt til trafikktryggleiken langs vegen. Det bør difor leggjast til rette for opparbeiding fortau langs vegen i planområdet.

10 MERKNADAR

10.1 MERKNADAR

Nr	Avsendar	Dato	
	Offentlege instansar - statleg		
1.	Statens vegvesen	Brev	05.08.2013
2.	Kystverket	E-post	13.08.2013
3.	Fylkesmannen i Hordaland	E-post	15.08.2013
4.	Fiskeridirektoratet	E-post	20.08.2013
5.	Hordaland fylkeskommune	Brev	20.09.2013
	Kommunale etatar		
	Private		
6.	NORBITS ved Nils Ringheim	E-post	13.08.2013
7.	Frode Magne Hjelmevoll og Anne Lise Fjeldsend Johnsen	E-post	16.09.2013
8.	Sonja Haugland Svingen	E-post	22.09.2013
9.	Wollert Nordahl	E-post	22.09.2013
10.	ABO Plan & Arkitektur AS	Brev	02.10.2013
11.	Rolf Utne	E-post	21.10.2013

Side | 23

1. Statens vegvesen i brev av 05.08.2013:

Uttalar at i denne saka er Hordaland fylkeskommune v/Statens vegvesen ein viktig part og burde vore med som deltakar i planarbeidet som er sett i gang. For dei er det særleg tilhøva til fylkesveg 300 og å leggje til rette for gang- og sykkelveg som er av spesiell interesse. Sidan det berre er opplyst at det skal leggjast til rette for gang- og sykkelveg lurar dei på om fortausløyning ikkje er aktuelt.

Dei uttalar også at i samband med planarbeidet må sanering av avkøyrslar vurderast og det vert stilt spørsmål til kva slags dimensjoneringsklasse det vert lagt opp til.

Statens vegvesen ber om at før det vert arbeidd vidare med sjølve planframlegget at det vert teke kontakt med dei slik at dei kan kome med konkrete innspel til planarbeidet.

Planleggjar sitt svar:

Det vert i hovudsak lagt til rette for fortau i planforslaget. Sanering av avkøyrslar er vurdert og gjennomført enkelte plassar. Nokre bustader får ny avkøyrsel ved ny tilkomstveg. Denne er dimensjonert til ei breidde på 3 meter

2. Kystverket i e-post av 13.08.2013:

Då ein liten del av planområdet strekk seg ut i sjø ser Kystverket det naudsynt å informere om at tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova krev løyve frå hamnemynde. Opplysning om søknadsplikta må innarbeidast i planføresegnene. Det er viktig at det ikkje blir sett av større areal til enkeltformål i sjø enn det som er strengt naudsynt. Det må heller ikkje planleggast tiltak som kjem i konflikt med framkomsten i farvatnet.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er tatt til etterretning.

3. Fylkesmannen i Hordaland i e-post av 15.08.2013:

Har ingen merknadar.

4. Fiskeridirektoratet i e-post av 20.08.2013:

Kan ikkje sjå ut i frå deira registreringar at tiltaket vil føre til konflikt med fiskeri- eller akvakulturinteresser i Ulvik, og har derfor ingen merknadar til tiltaket.

5. Hordaland fylkeskommune i brev av 20.09.2013:

Kommenterer at det ikkje går fram om føremålet er i samsvar med kommuneplanen, og om kommunen har vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiingsplikt.

Sidan planområdet ligg i kommunesenteret er det viktig å ha gode og trafikksikre tilhøve for fotgjengarar og syklistar i sentrumsområdet og fylkeskommunen ser såleis positivt på tiltak som fremjar dette. Påpeikar at i det vidare planarbeidet må tilhøva for dei kollektivreisande sikrast då det er fleire busshaldplassar på strekninga.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. Det er kjent fire SEFRAK-registreringar innanfor det føreslegne planområdet. I tillegg ligg det gamle handelslaget delvis innanfor planområdet. Framtida og bruken av dette bygget er eit tema som bør utgreiast i samband med planarbeidet. Det same gjeld fleire av bygga nær sentrum som er etterkrigsarkitektur. Dette er ein kulturhistorisk verdi som bør utgreiast.

Planleggjar sitt svar:

Føremålet er i samsvar med kommuneplanen. Planen utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiingsplikt. Vi er ikkje kjend med at det er fire SEFRAK-registreringar innanfor planområdet, men har registrert at det ligg to bygg der som er meldepliktig ved riving/ombygging. Planen vil ikkje ha påverknad på kulturminner, berre vegarealet og sideareal tett inntil vegen.

6. NORBITS ved Nils Ringheim i e-post av 13.08.2013:

Ynskjer å informere om at huset deira, gnr. 53, bnr. 194, ligg så å seie heilt i vegen, og at det vil vere vanskeleg å ta enno meir land av eigedomen utan å måtte flytte huset.

Planleggjar sitt svar:

Fortauet vil gå på nordsida av vegen på strekket forbi huset deira, og vil såleis ikkje påverke tomte deira.

7. Frode Magne Hjelmvoll og Anne Lise Fjeldsend Johnsen i e-post av 16.09.2013:

Er positive til at det anleggjast gang- og sykkelveg. Uttalar at det i forbinding med utbetring av vegen bør vere aktuelt å vurdere fartsreducerande tiltak i form av til dømes fartsdumper i tillegg til gang- og sykkelveg. Lurer på om det skal anleggjast sykkelveg på begge sider eller berre på ein. Er mest positive til berre å ha gang- og sykkelveg langs fjordsida av vegen. Om det skal anleggjast gang- og sykkelveg på begge sider vil dette krevje ei utviding av vegen på enkelte delar av strekninga, deriblant langs deira tomt, gnr. 53 bnr.195, noko som vil føre til at dei får vegen endå nærare husveggen som dei ser på som problematisk. Dersom ei utviding mot fjordsida vil påverke deira eigedom ser dei på det som nødvendig at det opprettast ei form for skjerming mellom deira eigedom og veg/sykel/fortau, samt at dei sikrast ein estetisk og praktisk god åtkomst.

Planleggjar sitt svar:

Fartsdumper vil ikkje bli aktuelt då fartsgrensa i dag er 50 km/t og ein ser på dette som tilstrekkelig for å unngå at folk køyrer for fort. Trafikktryggleiken vil også bli ivareteke ved tilrettelegging av fortau m.m. Gang-/sykkelveg vil hovudsakleg berre anleggjast på eine sida av vegen. Kva slags side den går på vil variere noko gjennom planområdet. Det er berre i den sørlege delen av planområdet at gang-/sykkelveg/fortau vil vere på begge sider av vegen. Gang-/sykkelvegen blir lagt på nordsida av vegen rett før huset deira og dei vil såleis ikkje få vegen nærare husveggen.

8. Sonja Haugland Svingen i e-post av 22.09.2013:

Ynskjer at så mykje som mogleg av den av den planlagde gang- og sykkelvegen vert lagt på nedsida av vegen, mot fjorden. Dette for å hindre for mykje inngrep på eigedomen, gnr. 53/1/19. Om det vert teke areal frå eigedomen til gang- og sykkelveg vert det ynskja at det vert sett opp ein mur slik at det vert eit stengsel frå plenen mot gang- og sykkelvegen, men at det framleis vil vere mogleg å parkere på eigen eigedom og at oppgangen vert beholdt.

Planleggjar sitt svar:

Gang-/sykkelvegen blir på strekket langs Svingen sin eigedom lagt på sørsida av vegen, mot fjorden, og vil ikkje kome i konflikt med hennar eigedom. Det vil bli anlagt ein ny tilkomstveg til Svingen sin tomt for å forbetre tilkomsten og parkeringsmoglegheitene i forhold til dagens situasjon.

9. Wollert Nordahl i e-post av 22.09.2013:

Uttalar at dersom vegbana vert utvida med plass for gåande/syklende på ein relativt smal vegflate i flukt med vegbana, men avgrensa frå køyrebana med kvit stripe, vil dette samla sett gje størst tryggleik med relativt avgrensa naturinngrep.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er tatt til etterretning.

10. ABO Plan & Arkitektur AS i brev av 02.10.2013:

Advokatfirmaet Harris Da med underleverandørane ABO Plan & Arkitektur AS og Asplan Viak AS forvaltar Opplysningsvesenets fond (OVF) sine grunneigarinteresser. I Hordaland fylke er det ABO Plan & Arkitektur AS som gir uttale i plansaker på vegne av OVF.

Planområdet omfattar fleire festetomter på prestegardseigedomen. Prestebustaden med hage, som OVF eig, ligg like utanfor planområdet. OVF har på dette stadiet i planprosessen ikkje merknadar til varsel om oppstart, men ber om å få tilsendt planforslaget når det vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er teke til etterretning.

11. Rolf Utne i e-post av 21.10.2013:

Ber om at det vert teke omsyn til avlaup/vatn og drenering frå eigedomar langs Tyssevikvegen før etablering av gang og sykkelveg.

Planleggjar sitt svar:

Merknaden er teke til etterretning.

11 FORSLAGSSTILLAR SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR

For å få betra trafikktryggleiken langs Tyssevikevegen/ Fv 300 er det lagt til rette for opparbeiding av fortau langs vegen. Fortauet ligg sørvest i planområdet på nordsida av vegen, medan det i nordaust ligg på sørsida av vegen. I den heilt sørvestlege delen av planområdet er det anlagt fortau på begge sider av vegen. Midt i planområdet, på nordsida av vegen er det også blitt lagt til rette for ny tilkomstveg for bustadene. Dette for å gjere tilkomsten til desse bustadene meir trafikksikker.